

Årsmelding Kringkastingsringen 2018

1. Årsmøtet 2018
2. Styrearbeid
3. Medlemer
4. Økonomi
5. Administrasjon
6. Informasjonsarbeid
7. Ope møte
8. Representasjon
9. Møte med NRK og TV 2
10. Møte med Kulturdepartementet
11. Kringkastingsprisen

1. Årsmøtet 2018

Årsmøtet vart halde 20. mars på Skrivarstova, Lilletorget 1, Oslo.

Fylgjande møtte: Guro Kvalnes, Hans-Olav Rise, Kristofer Olai Ravn Stavseng, Karl Peder Mork, Vegard T. Foseide, Jon Låte, Lars Meling, Anne Svanaug Straume, Liv Ragnhild Sjursen, Inge Johanne Sæterbakk og Hans Rasmus Glomsrud.

Ingvild Bryn heldt ei innleiing.

Årsmøtet valde dette styret for 2018-2019: Guro Kvalnes (leiar), Kristofer Olai Ravn Stavseng, Hans-Olav Rise, Liv Ragnhild Sjursen, Mattias Rolighed Berset, Martin Årseth

Vara: Ruth Einervoll Nilsen, Vegard T. Foseide, Jon Låte, Anders Veberg

2. Styrearbeid

Det har vore ni styremøte i perioden. Styret har handsama om lag tretti saker i arbeidsperioden. Fleire saker er oppe på fleire av møta. Styremøta har vore på skrivarstova på Lilletorget 1, og styret har vore vedtaksdyktig alle møte. Dagleg leiar har delteke som skrivar på alle møta. Liv Ragnhild Sjursen trakk seg tidleg som styremedlem, varamedlemene har berre unntaksvis møtt for henne.

3. Medlemer

Den 31.12.2017 hadde Kringkastingsringen 772 medlemmar, inkludert 42 livstidmedlemer.

Dette er ein nedgang på om lag femti frå året før.

Kringkastingsringen har ei veldig trufast, men gamal, medlemsgruppe som i liten grad melder seg ut. Mange bidreg òg med frivillige gåver i tillegg til årspengane, og slik legg dei grunnen for at Kringkastingsringen kan driva utetterretta verksemd. Me er avhengige av å få inn nye medlemmar som kan halde organisasjonen i drift vidare.

4. Økonomi

Rekneskapan for 2018 syner eit overskot på 23.538 kroner.

I 2018 fekk Kringkastingsringen inn 148.949 kroner i gåver. Det var mindre enn kva ein hadde budsjettert med. Grunnen var at ein planlagt gåvegiro aldri vart sendt ut. Difor vart det med ei tre giroane som gjekk i lag med Kringdom, medlemsgiro + to gåvegiroar.

Overskotet skuldast at det vart mindre i drifts- og kontorutgifter, og at eit planlagt prosjekt vart flytta til 2019.

Organisasjonen har solid økonomi.

5. Administrasjon

Anne Svanaug Straume var tilsett i 50 prosent stilling som dagleg leiar fram til august. Då overtok Kjartan Helleve stillinga. Stillinga er lønna i lønnssteg 46 i statens regulativ.

Arbeidsoppgåvene dreier seg hovudsakleg om økonomi, informasjonsarbeid, medlemsregister, organiseringa av møte og prisutdelinga.

Dagleg leiar fungerer også som skrivar på styremøta.

Organisasjonen leiger kontor hjå Noregs Mållag, og lokaliseringa med dei og med Norsk Målungdom gjer at det er eit godt samarbeid mellom organisasjonane.

6. Informasjonsarbeid

Kringom

Kringom er medlemsbladet for Kringkastingsringen, og går ut til alle medlemmane. I 2018 kom det tre nummer. Saman med Kringom vart det sendt utmedlemspengegiro og gåveoppnop. Frå og med nummer 3-2018 la ein om noko på forma og auka sidetalet litt. Den størst nyvinninga var introduksjonen av eit kryssordet. Dagleg leiar skriv det meste av stoffet, med noko hjelp frå styret.

Internett

Dei nye nettsidene fungerer godt og er brukt i større grad enn tidlegare.

www.kringkastingsringen.no har grunnleggjande informasjon om organisasjonen, nyheiter, opplysningar om Kringkastingsprisen, årsmeldingar, arbeidsprogram osv. Facebook-sidene blir jamleg oppdatert. Talet på fylgjarar har vore stabilt gjennom perioden.

Norsk Tidend

Styreleiar leverte stoff til Norsk Tidend under vignetten *Media*.

Pressearbeid

I perioden har Kringkastingsringen hatt følgjande pressemeldingar:

Harding held fram som styreleiar i Kringkastingsringen (21.3.2018)

- Tomme ord og brotne lovnader frå NRK (7.6.2018)

Svak TV 2-avtale (26.09.2018)

Kringkastingsprisen 2018 til Eli Kari Gjengedal (11.12.2018)

Vil regjeringa rasere NRK? (23.1.2018)

Pressemeldingane fekk grei spreiding.

Gjengedal-prisen fekk stor merksemd, mellom anna hamna den på framsida av VG.no. Utdelinga fann stad direkte på TV 2 Nyhetskanalen. Gjengedal vart også intervjuet av NRK Hordaland same dagen.

Den siste pressemeldinga vart trykt som lesarinnlegg i Dagbladet. Avisa la det også på Facebook-sida «Dagbladet Meninger», der det vart tett kommentert. Interessant nok handla veldig få av kommentarane om nynorsk.

Nynorskpraktikantane

Praktikantane ved NRK Nynorsk mediesenter og Nynorsk avissenter har vorte presenterte i Kringom. Dei har og fått ei pakke i posten, med gratulasjonsbrev samt eit handlenett og siste utgåve av Kringom.

7. Ope møte

«Er det lov å håpa på at nynorskprosenten på NRK.no kjem til å betra seg frametter?»

Meiningane var delte på møtet Kringkastingsringen skipa til i samarbeid med fylkesmållaget Vikværingen. Marie Therese Lilleborge i Mediatilsynet la fram tal som synte kor viktig NRK for nasjonal nynorsk journalistikk. Ingvild Bryn, fungerande språksjef i NRK, fortalde så litt om det dagleg arbeidet med språk i kanalane. Etterpå var det paneldebatt mellom, Erik Bolstad (tidlegare språksjef i NRK), Hildegunn Amanda Soldal (nettsjef NRK) og Guro Kvalnes. Møtet var i november på Litteraturhuset i Oslo. Møtet var støtta av Bergesenstiftelsen. Om lag tretti gjester møtte.

8. Representasjon

Styret i Nynorsk pressekontor:

Fast plass: Hans-Olav Rise og Runar B. Mæland

Vara: Kirsti Lunde (Matias Rolighed Berset frå 2019) og Anne Straume.

Vener av Dag og Tid: Kristofer Olai Stavseng og Marit Heier Lajord

Dagleg leiar har møtt fast i Nynorsk Forum.

Kringkastingsringen har vidare vore representert på:

Samlaget 150 år, jubileumsframsyning, *Guro, Anne*

Innleiing om nynorsk for born i NRK for Norsk Barneblad, *Anne*

Utvikling av samarbeidavtale mellom NPK og NTB, *Anne*

Landsmøtet til Noregs Mållag, Vinje, *Kristofer*

Dei nynorske festspela, Ørsta/Volda, *Guro*

Vinjejubileumsmøte/NPK, Oslo, *Kjartan*

Haustlansering Samlaget, Oslo, *Guro, Kjartan*

Treng vi norsk?, konferanse Førde, *Guro, Kjartan*

9. Møte med NRK og TV 2

Før jol vitja me kringkastingsjef Thor Gjermund Eriksen, språksjef Ingvild Bryn, mediedirektør Øyvind Lund og Solveig Tvedt, medlem av språkstyret NRK. Hå NRK Super møtte me Karoline Evensen og Ingrid Hafstad. Med på møta var Magne Aasbrenn og Gro Morken Endresen frå Noregs Mållag og Fredrik Hope frå Norsk Målungdom. Frå oss kom Guro og Kjartan.

Vinteren 2019 var me på møte med TV 2 og kanaldirektør Trygve Rønningen. Møte kom i stand etter initiativ frå Mållaget, og styremedlem Kristofer Olai Ravn Stavseng representerte oss.

10. Møte med Kulturdepartementet

Statssekretær Frida Blomgren i Kulturdepartementet tok i mot Guro og Kjartan i september.

Nynorsk på NRK.no, ekstern rekruttering av leiarar og NRK og mangfaldet var mellom emna me var innom.

11. Kringkastingsprisen

Eli Kari Gjengedal frå vêrmedlinga i TV 2 fekk Kringkastingsprisen 2018. Utdelinga fann stad direkte på TV 2 Nyhetskanalen, og vidare i lokala til TV 2. Guro og Kjartan representerte Kringkastingsringen. Heile leiargruppa i kanalen fekk med seg siste biten, og prisvinnaren fekk pristale frå TV 2-sjef Olav T. Sandnes. Prisen fekk god spreing og det var tydeleg at mange meinte det var ein vel fortent pris.

Oslo 19. mars 2019

Guro Kvalnes

Kristofer Olai Ravn Stavseng

Hans-Olav Rise

Liv Ragnhild Sjørusen

Mattias Rolighed Berset

Martin Årseth